

PROTOKOLL**Representantskapet Region Nordhordland Helsehus IKS****Møte: 1-2018****Tid: Fredag 8. juni 2018 kl. 09:30 – 09:50****Stad: Bergen, Hordaland fylkeskommune, møterom Sunnhordland****Til stades:**

Ordfører:	Karstein Totland, Jarle Skeidsvoll, Øyvind Oddekalv, Stian Herøy, Per Lerøy, Astrid Aarhus Byrknes, Hallvard Oppedal, Jostein Borlaug (for Jon Askeland)
Rådmenn:	Ingen
Styret RNHI:	Håkon Matre
RNHI:	Rune Heradstveit
Forfall:	Tom Kristian Thorsen, Jon Askeland

Sak 1/18	Godkjenning møteinnkalling og sakliste Samrøystes vedtak: Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.
Sak 2/18	Val av to representantar i tillegg til leiar for underskriving av protokoll Hallvard Oppedal og Astrid Aarhus Byrknes vart valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.
Sak 3/18	Godkjenning møteprotokoll Representantskap 3-2017 Samrøystes vedtak: Møteprotokoll frå Representantskap 3-2017 vart godkjent utan merknadar.
Sak 4/18	Godkjenning rekneskap 2017 Styret har gjort følgjande vedtak i styremøte 22. mars 2018: <i>Samrøystes vedtak:</i> <i>Styret godkjenner og signerer rekneskapet for 2017. Styret gjer framlegg om fylgjande vedtak i representantskapet: Representantskapet godkjenner årsrekneskapet for 2017.</i> Samrøystes vedtak: Representantskapet godkjenner årsrekneskap 2017.
Sak 5/18	Godkjenning årsmelding frå styret 2017 Styret har gjort følgjande vedtak i styremøte 22. mars 2018: <i>Samrøystes vedtak:</i> <i>Styret godkjenner og signerer årsmeldinga for 2017. Styret gjer framlegg om fylgjande vedtak i representantskapet: Representantskapet godkjenner årsmelding frå styret for 2017.</i> Samrøystes vedtak: Representantskapet godkjenner årsmelding frå styret for 2017.

Sak 6/18	Godtgjersle revisor 2017 Samrøystes vedtak: Representantskapet godkjenner godtgjersle til revisor for 2017.
Sak 7/18	Status for prosjektet Styrelen Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit informerte om status for prosjektet. Dagleg leiar skreiv under utbyggingsavtalen med Lindås kommune denne veka. Den skal til politisk handsaming i kommunen no i juni og vert så lagt ut på høyring. Selskapet er inne i sluttforhandlingane med prekvalifiserte tilbydarar, og planen er å tildela totalentreprisen i veke 27. Det betyr at kontrakt vert inngått like over sommarferien, og byggjstart vil vera i oktober / november avhengig av avtale med engasjert totalentreprenør. Byggjetid vil vera om lag 24 månadar.

Knarvik, 8. juni 2018



Karstein Totland
Leiar Representantskapet
Region Nordhordland Helsehus IKS



Hallvard Oppedal
Medlem Representantskapet
Region Nordhordland Helsehus IKS



Astrid Aarhus Byrknes
Medlem Representantskapet
Region Nordhordland Helsehus IKS